



AVTALE OM LEIGE AV JORD.

OPPFYLING AV DRIVEPLIKT VED BORTLEIGE AV JORD. JORDLOVA § 8.

1. Omfang av avtale

Mellom _____ som eigar av landbrukseigedomen gnr ____ bnr ____ i _____ kommune, og _____ som leigetakar, er det inngått avtale om leige av følgjande areal:

Arealslag	Daa
Fulldyrka jord	
Overflatedyrka jord	
Innmarksbeite	
Anna areal	
Sum areal	

Leigearealet skal drivast som tilleggsjord til eigedom med gnr ____ bnr ____ i _____ kommune

Areala er merka på vedlagt kart datert ____ - ____ 20 ____.

Avtaletida.

Avtalen gjeld i **10 år**, rekna frå _____ / _____ 20 _____

Avtalen gjeld _____ år, rekna

i _____ frå _____ / _____ 20 _____

Ved avtale for kortare tid enn 10 år må eigar søkje kommunen om godkjenning.

2. Bruken av leigearealet.

Leigaren tek over jord, gjerde og vegar i den stand som dei er i når leigetilhøvet tek til. Leigaren får rett til å nytta eksisterande transport- og driftsvegar for å drive jorda.

Areala skal brukast til:

- Grasdyrking
- Potetdyrking
- Kulturbeite
- Grønsaks- og bærproduksjon
-

Anna/spesifiser _____

Areala skal nyttast til jordbruksføremål drivast på ein landbruksmessig forsvareleg måte. Dette gjeld gjødsling, ugrastyning og drift og stell elles. Leigaren skal halde ytre og indre gjerde vedlike. Det same gjeld for vegar.

3. Leigeavgifta.

Leigeavgift per år:

Fulldyrka jord: daa _____ kr _____

Overflatedyrka jord: daa _____ kr _____

Innmarksbeite: daa _____ kr _____

Anna areal: daa _____ kr _____

Sum	kr _____
-----	----------

Leigeavgifta skal betalast første gong den / 20 og i dei fylgjande åra til same dato. Etter krav frå ein av partane kan leiga regulerast kvart 5. år etter konsumprisindeksen. Eigaren kan ikkje krevje høgare leigeavgift på grunn av utbetringar som er utførde eller kosta av leigaren.

Alle offentlege tilskot som er eit resultat av bruk og drift av arealet, tilfaller leigar.

4. Framleige og eigarskifte.

Areala kan ikkje framleigast utan samtykke frå eigaren.

Viss eigar døyr eller heimel skiftast på annan måte, trer ny eigar inn i avtala med same rettar og pliktar som tidlegare eigar.

Ved eigarskifte på leigarens eigedom har den nye eigaren rett til å overta avtala uendra.

5. Andre vilkår:

5.1. Leigar forpliktar seg til å fylgje gjeldande regelverk for miljøplanar, gjødselplanar m.m.

5.2. Leigar må ikkje føreta inngrep i kulturlandskapet, jf. forskrift om produksjonstilskot i jordbruket.

5.3. Når leigeperioden er slutt skal areala leverast tilbake i like god stand som ved inngåing av denne kontrakt.

6. Investeringar i leigeperioden.

Alle investeringar i arealet, så som grøfting eller fulldyrking skal avtalast med eigar på førehand. Skriftleg avtale skal omfatte kostnadsfordeling og plan for tiltaket.

7. Misleghald/tap av leigeretten.

Eigar kan ikkje seie opp leigeavtala utan grunn. Det er berre ved vesentleg misleghald, jf. jordlova § 8 at eigar kan seie opp leigeavtala.

Som vesentleg misleghald reknast uforsvarleg drift, framleige som ikkje er godkjent av eigar og manglande betaling av leigeavgift.

8. Tvist.

Tvist som ikkje kan avgjerast ved skjønn, skal avgjerast av alminneleg domstol.

9. Tinglysing.

Leigar kan tinglyse denne avtalen. Kostnaden med tinglysing står for leigar si rekning.



Denne avtalen er skrevet i 3 eksemplar. Partene skal ha kvart sitt, og det tredje skal sendast **Stavanger kommune, Pb 8001, 4068 Stavanger eller postmottak@stavanger.kommune.no.**

Vedlegg:
Kart

_____ den / 20
stad, dato

_____ den / 20
stad, dato

eigar/utleigar

leigar